




Rikskonsertene
Norwegian Concert Institute

Årsrapport
2001

1	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17	18			
2	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17	18	19		
3	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17	18	19	20	
4	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17	18	19	20	21



*Musikk skapar
oppleving, erkjenning,
tilhørsle og
kommunikasjon.*



Autentisk

Rikskonsertane skal nå så mange menneske som mogleg med det ypparste av musikalske uttrykk frå mange kulturar.

Dristig

Rikskonsertane skal fange opp kunstnarlege nyvinningar og leggje forholda til rette for nyskaping. Rikskonsertane har eit særleg ansvar andsynes norske musikk- og utøvartradisjonar.

Nysgjerrig

Rikskonsertane skal initiere og styrkje musikkamarbeid med andre land. Rikskonsertane produserer og formidlar musikk, både i eigen regi og i samarbeid med kunstnarar og produksjonsmiljø nasjonalt og internasjonalt.



Innhald

	side
Resultat	5
«...nå flest mogleg med allsidig repertoar og ulike kunstformer»	6
Tusenvis til tusenvis	
«...bane veg for nye norske talent»	9
Lanseringsprogram:	
INTRO – klassisk 2001-2003	
Årets unge solist 2001, Frode Haltli	
GO!	
«...ta vare på, og vidareutvikle musikkformer som har forankring i Noreg»	10
Folkemusikk	
«...presentere det ypparste av musikalsk-kunstnarlege uttrykk frå mange kulturar»	13
Verden i Norden	
World-serien	
Musikk frå ulike kulturar	
«...fremje bruken av nyskapande musikkuttrykk frå samtida»	15
Fleire kunstformer i kombinasjon	
Musikk-teater i samarbeid	
«...vidareutvikle musikktilbodet til barn og unge»	16
LYDslepp; musikkfestival for barn	
Betre samarbeid om skolekonsertane	
«...byggje nettverk og utveksle kompetanse over landegrensar»	18
Musikkprosjekt i utlandet	
Internasjonal nettverksbygging	
«...utvikle lokale arrangørledd og styrkje samarbeidet mellom arrangørnettverk»	21
Arrangørsamarbeid	
Vegen vidare	22
Stort behov for nye lokale	23
Styret i Rikskonsertane	23
Årsrekneskap	24
Ansatte i Rikskonsertane i 2001	26

Resultat

Rikskonsertane har nådd måla sine i 2001. Konsertverksemda har vore gjennomført i samsvar med dei planane som var lagde, og organisasjonen er blitt styrkt på fleire område. Det totale publikumstalet på offentlege konsertar auka med 14 prosent frå 2000 til 2001. Rikskonsertane har:


- ★ innfridd ein del av den store etterspørselen etter konsertar med verdensmusikk frå konsertarrangørar over heile landet
- ★ kome i gong med forsøksordningar med regionturnear, dvs. «letteare» turnear i avgrensa regionar, med svært positiv respons
- ★ saman med Riksteatret, Riksutstillinger og Norsk KulturhusNettverk fullført signalprosjektet kulturtorget.no som legg grunnlag for vesentleg forbetra samhandling med konsertarrangørar
- ★ gjennomført musikkfestivalen LYDslepp, der nesten 15 års arbeid med konsertar for barn i førskolealder blei manifestert og oppsummert, og har med det etablert grunnlag for vidare utvikling innan kunstformidling til barn i førskolealder
- ★ etablert dialog med Utanriksdepartementet om konkrete samarbeidsavtaler for kulturutveksling og utviklingsarbeid med utvalde land

Vi konstaterer med ei blanding av glede og mismot at ventelista over kommunar som ønskjer å komme med i skolekonsertordninga stadig veks. Ved utgangen av året omfattar ventelista 48 kommunar med 149.000 elevar.



Foto: Tor Richardsen, Scenipix

På offentlege konsertar hadde vi auke i det totale publikumstalet med 14 prosent. Vårt mål er å nå fram til eit enda større publikum.



«...nå flest mogleg med eit allsidig musikkrepertoar av høg kvalitet»

Tusenvis til tusenvis


I løpet av fjoråret blei det i alt avvikla 7720 konsertar i Rikskonsertane sin regi. Publikumstalet var 818.093.

Totalt tal konsertar pr. fylke fordelte på skolekonsertar, barnehagekonsertar, Riksturnear, World-konsertar, Musikantbruket og Regionkonsertar/Utviklingsprosjekt.

Fylke	Skole-konsertar	Barnehage-konsertar	Riks-turnear	*World-konsertar	Musikant-bruket	Region-kons./Utv. prosjekt	Totalt 2001	Totalt 2000
Østfold	309	56		7	2		374	345
Akershus	771		7		4		782	797
Oslo	37		9	30	4	3	83	50
Hedmark	297	20	5		5		327	325
Oppland	309	164	8	7	6		494	387
Buskerud	210	60	7	3	6		286	193
Vestfold	79		10	2	6		97	88
Telemark	314	100	9	3	5		431	395
Aust-Agder	207	80	4		2	4	297	286
Vest-Agder	136	20	6		5	20	187	148
Rogaland	297	68	10		3		378	301
Hordaland	1012		8	4	13		1037	987
Sogn og Fjordane	269	60	6	2	10		347	308
Møre og Romsdal	476		9		5		490	491
Sør-Trøndelag	274	70	1	6	5		356	298
Nord-Trøndelag	283	54	6				343	344
Nordland	656		10	2	7		675	704
Troms	477	50	10	6	5		548	532
Finnmark	165		2	1	1	7	176	180
Svalbard	11				1		12	18
Total	6589	802	127	73	95	34	7720	
Total 2000	6446	415	168	54	57	37		7177

Utanlandssatsinga til Rikskonsertane er ikkje med i tabellen.

* Medrekna Verden i Norden



Grieg Trio

«Grieg Trio er eit ensemble av verdsformat». «Eit oppglødd publikum klappa seg til eit vakkert ekstranummer».

Kåre Torvanger
Harstad Tidende



Sokora

Musikk og dans blei flytta frå ein afrikansk landsby og inn i konsertsalen. Skolekonsertane til Sokora har i ei årrekke hugteke elevar i rytmisk glede. Produksjonen i år blei også synt for eit vakse publikum.

I India lytta 30.000 til Roar Engelberg og Stein Erik Olsen.

Roar Engelberg




For barn og unge

Hordaland på toppen med 1012 skolekonsertar i 2001.




Ernst Simon Glaser



Chick Corea

Turneen med Chick Corea, Erlend Skomsvoll og Trondheim Jazzorkester blei ein eksplosiv suksess med fulle hus frå Tromsø til Stavanger.




Randi Stene



Sondre Lerche

Floora





«Frode er stor. Han spiller helt fenomenalt. Frode er i øverste klasse. Han er akkurat den typen norsk musikkliv trenger videre. Han er virkelig en medskaper».

Arne Nordheim

«...bane veg for nye norske talent»

Lanseringsprogram

Lansering av unge musikarar er ei prioritert oppgåve, og Rikskonsertane har mellom anna etablert eit større lanseringsprogram som omfattar jazz (JAZZINTRO), klassisk (INTRO-*klassisk*) og pop/rock/elektronika (GO!)

INTRO – klassisk

Lanseringsprogrammet INTRO - *klassisk* for utøvarar innan den klassiske, kunstmusikalske sjangeren tilbyr eit stort spenn av utviklingshøve for unge, særskildt dugande musikarar i etableringsfasen. Programmet er treårig og inneber omfattande lanseringstiltak.

Etter prøvespel i Oslo Konserthus i mars blei fire unge solistar plukka ut til INTRO - *klassisk* 2001 - 2003.

Under Festspillene i Bergen 2001 konkurrerte dei fire om prisen **Årets unge solist 2002**. Prisen gjekk til Ernst Simon Glaser, cello.

INTRO - klassisk 2001 - 2003:

Gunilla Süssmann, klaver

Håvard Stensvold, bassbaryton

Eirik Raude, slagverk

Ernst Simon Glaser, cello

Årets unge solist 2001

Under Festspillene i Bergen 2000 kåra Rikskonsertane Frode Haltli til Årets unge solist 2001. Salen var fullsett da han hausten 2001 heldt lanseringskonserten sin i Kulturkirken Jakob i Oslo. Etter konserten uttalte komponisten Arne Nordheim: «Frode er stor. Han spiller helt fenomenalt. Frode er i øverste klasse. Han er akkurat den typen norsk musikkliv trenger videre. Han er virkelig en medskaper».

Seinare same haust gjennomførte Frode Haltli sin lanseringsturné i regi av Rikskonsertane, akkompagnert av Maja Kjelstrup Ratkje, song.

Frode Haltli



Floora

GO!

Lanseringsprosjektet innan pop/rock/elektronika heiter GO! Målet med GO! er å bidra til nasjonalt gjennombrøt for band/artistar i etableringsfasen, samt å styrkje involverte spelestader og arrangørar gjennom kurs og seminar i marknadsføring og konsertavvikling. Hausten 2001 blei GO! avvikla for første gong, og først ut var Sondre Lerche og dj-duoen Floora. Turneen dekte 14 spelestader tilknytt NorgesNettet, og fekk stor merksemd frå publikum og media. GO! er eit samarbeid mellom NorgesNettet, Norsk Rockforbund og Rikskonsertane.

«...ta vare på, og vidareutvikle musikkformer som har forankring i Noreg»

«Eg har vakse opp med Jimi Hendrix, men no har dei staselege og sjarmerande damene i Fjøgl fått plass høgt oppe på Ti-på-Topp-lista!»

- Middelaldrande herre etter premieren i Førde juli -01

Folkemusikk

Gjennom Musikantbruket har Rikskonsertane i 2001 hjelpt til å løfte fleire unge lovande folkemusikarar og folkemusikkgrupper. Vi vil spesielt nemne gruppene Fjøgl, Kvarts og Blåmann Blåmann, som har vore engasjerte på offentlege turnear, skolekonsertar og festivalar.

Rikskonsertane har vore opptekne av å gi folkemusikkproduksjonar ei profesjonell scenisk ramme. I 2001 begynte arbeidet med ein ny stor produksjon med utgangspunkt i musikken til folkemusikkgruppa Kvarts, med songarar, dansarar og eigen scenografi. Produksjonen skal ha premiere under Førdefestivalen 2002, med følgjande Rikskonsertturné same haust.

For femte år på rad blei det arrangert kurs i scenisk bevisstgjerjing av folkemusikk og folkedans i samarbeid med Ole Bull Akademiet. Kurset er obligatorisk for studentane på både kvedar- og spelemannskolen. Ei rekkje eksterne utøvarar deltek kvar gong. Rikskonsertane er også ein betydeleg aktør med omsyn til å nytvikle og formidle program for tusenvis av barn og unge i skoleverket. I 2001 var 20 folkemusikk-produksjonar på vegane i 15 fylker.




Fjøgl

Foto: Bjørn-Evind Artun



Sondre Lerche



15 16

1

15 16

2

15 16

3

15 16


4

15 16

5



Frå Verden i Norden



«...presentere det ypparste av musikalsk-kunstnarlege uttrykk frå mange kulturar»

Verden i Norden

Kvalitet, utvikling og samarbeid var sentrale stikkord da den åttande Verden i Norden-festivalen blei summert. Hovudfokus var på Sentral-Asia, men 180 musikarar frå 23 nasjonar gav festivalen stor musikalsk breidd og geografisk spennvidd. 9000 publikummarar besøkte festivalen, noko som er ein markant auke frå året før. Festivalen fekk mykje god merksemd og hadde for første gong eigen festivalradio.

Festivalen vidareførte utvekslingsprogrammet sitt av band med musikarar frå innvandarmiljøa i dei nordiske landa med støtte frå Nordisk ministerråd. Utanriksdepartementet var i år vår hovudsamarbeidspartner. I tillegg hadde vi ei rekkje andre samarbeidspartnarar som bidrog til det gode resultatet for festivalen.

Worldserien

Hausten 2001 blei Etnisk Musikkafé erstatta av abonnementsserien World. Formålet med World er at også publikum utanfor dei største bysentra skal få møte internasjonale toppartistar innan den stadig meir populære verdsmusikken. (Sjå også under Arrangørsamarbeid). 49 konsertar med verdsmusikk vart gjennomførde i løpet av året, og programmet spente over eit stort musikalsk og geografisk spekter.

Musikk frå ulike kulturar

Gjennom Verden i Norden-festivalen 2001, Etnisk Musikkafé/World og skole- og barnehagekonsertar har Rikskonsertane formidla musikk frå ulike kulturar i Noreg. Vi nemner spesielt prosjekta World Visits (sjå eige avsnitt) og møtet mellom Ensemble Samani frå Iran og den norske gruppa Karvan under Verden i Norden-festivalen. Slike satsingar gir musikarar utviklingshøve og fleire speleoppdrag både i Noreg og i utlandet.



Foto: Ola Sæther

2

1

2

3

4

5

6

7

3

1

2

3

4

5

6

7

4

1

2

3

4

5

6

7

5

1

2

3

4

5

6

7

«Å spille disse intrikate satsene,
gjør bare en mester ved klaveret.

Det var Joanna MacGregor!»

«Kunst er noe herlig noe.

I aulaen i går fikk vi et knallsterkt

bevis for at kunstarter trygt kan
spille tett på lag sammen».

Bodvar Lotsberg
Hamar Arbeiderblad



Joanna MacGregor

«...fremje bruken av nyskapande musikkuttrykk frå samtida»

Rikskonsertane er orientert mot fornying og innovasjon i alle dei val vi gjer. Vi omtalar likevel her nokre prosjekt der det eksperimentelle har vore særleg synleg.

Fleire kunstformer i kombinasjon

- ✦ «Street Music» kombinerte musikk og video, og utvida forma for klaver-recitals, med den britiske pianisten Joanna MacGregor, i samspel med videoprojeksjonar og kamera inne i klaveret. Workshops med lokale deltakarar blei arrangert i forkant av dei offentlege konsertane.
- ✦ «Kyberia-navigasjonar» med cellisten Tanja Orning og fiolinisten Victoria Johnson gav konsertar med nykomponert musikk i ungdomsskolen. Multikunstnaren Randy Naylor hadde digital koreografi med multimedia-design projisert gjennom musikanane på scenen.

Musikkteater i samarbeid med andre produksjonsmiljø

- ✦ «Et operakammer» av Olav Anton Thommessen, ein «dogme-opera» for Guri Egge og tre unge musikarar, blei bestilt til prosjektet Musikerlaboratorium i 1999. Framsyningane blei gjennomførte under Ultima 2001 i samarbeid med Ultima og Opera Vest. Formatet er tilpassa turné og mindre lokale ut over landet.
- ✦ «Det syvende gull» var ein utandørs familiekonsert under LYDslepp, ein musikkfestival for barn i førskolealder, lagt til Søgne Gamle Prestegård. To lokale barnekor, to lokale barnesolistar og ein messingseptett frå Forsvarets Distriktsmusikkorps Sørlandet medverka, saman med dei seksten profesjonelle musikanane frå festivalen. Delar av musikken var komponert av Øyvind Brække.





Ann Kristin Andersson og Silje Nordheim i «JA!»

Sagt om framsyninga Fra underverden til stjernehimmel:

«Jeg finner ikke grunn til å sette fingeren på noe negativt i forestillinga. Jeg spurte noen av elevene om hva de syntes om forestillinga, og de svarte: «Det var ikke min musikk, men den var fin den.» Denne kommentaren fra tenåringer er en god attest. Programmet falt så absolutt i lærerens smak også – med andre ord, en fulltreffer.»

Harald Marsdal Hanssen
Nærøy ungdomsskole

«...vidareutvikle musikktilbudet til barn og unge»

LYDslepp – musikkfestival for barn

Målet med festivalen LYDslepp var nasjonal styrking av musikkformidling til barn i førskolealder. LYDslepp ble gjennomført i Søgne i Vest-Agder 20.-22. september 2001 med stor medverknad og god mediemerksemd.

Festivalen var lagd til kultursenteret Søgne Gamle Prestegård. Festivalen inkluderte familiekonsertar, kyrkjekonsert, stor opningskonsert utan-dørs i naturamfiet, og konsertar i ulike sjangrar for barnehagebarn som var spesielt inviterte til å komme på konsertbesøk under festivalen. Publikum kunne oppleve framsyningar der musikk var i samspel med drama, figurteater, biletkunst og rørsle. Norsk kulturråd sitt kunstformidlingsprosjekt for barn under tre år, Klangfugl, var også tilstades, denne gongen med lydskulpturar komponerte av form, rørsle og lyd. Parallelt med festivalen blei det gjennomført fagseminar over tre dagar.

LYDslepp var eit samarbeidsprosjekt mellom Rikskonsertane, Vest-Agder fylkeskommune og Søgne kommune.

Betre samarbeid om skolekonsertane

Dei nye avtalane med fylkeskommunane om skolekonsertar trådde i kraft 1. juli 2001. Desse gir grunnlag for eit langt meir dynamisk fagleg forhold mellom Rikskonsertane og fylkeskommunane enn tidlegare avtaler. I tillegg til sjølv å planleggje og gjennomføre konsertverksemd på linje med det fylkeskommunane gjer, har Rikskonsertane eit nasjonalt ansvar for den faglege utviklinga innan skolekonsertordninga.



Foto: Tor Richardsen, Scampix

I 2001 har Rikskonsertane teke fleire initiativ for å utvikle kvaliteten i musikkformidlingsarbeidet retta mot barn og unge:

- ★ engasjert og samarbeidd med fleire frilansprodusentar med spesialkompetanse innanfor spesielle sjangrar
- ★ etablert eit nettverk av skribentar med bakgrunn i skoleverket. Med eit pedagogisk perspektiv skal desse leggje til rette førehandsinformasjon slik at denne i større grad enn tidlegare er tilpassa behova til skoleverket for godt undervisningsstoff.
- ★ teke aktivt del i utforminga av prosjektet Konsert og Skole (KOS-prosjektet) der formell eigar er utdanningsdirektøren i Hordaland. Forutan Rikskonsertane deltek 2 fylkeskommunar, 6 kommunar med 13 grunnskolar og 2 kulturskolar, 2 utdanningskontor og 3 høgskolar. Formålet med forsøket er å auke kreativiteten i lokalsamfunn rundt tematikk som blir presentert på skolekonsertar inkludert oppfølging av studentar og etterutdanning av lærarar.

«Nøklevann skole har hatt et særdeles hyggelig og lærerikt besøk av Rubbel og beat. Tilbakemeldinger fra elever og lærere var utrolig positive. Vi håper dette er noe som kan skje oftere.»

Sissel Tenden Erdal
Ass. Rektor

Om konserten *Vi improviserer:*
«Slike konsertar treng vi fleire av»

Elevar og lærare ved
Aure skule, Sykkylven.



Foto: Ola Sæther



«...byggje nettverk og utveksle kompetanse over landegrensar»

Musikkprosjekt i utlandet

Også i 2001 arbeidde Rikskonsertane med ei rekkje internasjonale musikkprosjekt, i all hovudsak i tett samarbeid med Utanriksdepartementet og NORAD. Det internasjonale arbeidet inneber i første rekke langsiktige bilaterale avtalar og store prosjekt.

Mmino

Mmino er eit musikk samarbeid over fem år mellom Noreg og Sør-Afrika initiert av NORAD i 1999. Programmet prioriterer undervisning, dokumentasjon/forskning, kor, festivalar og utveksling. Mmino blir administrert av National Arts Council i Sør-Afrika.

Rikskonsertane har ansvaret for koordineringa i Noreg. I løpet av året har ei rekkje utvekslingsprosjekt funne stad ved at norske musikarar har spela på festivalar i Sør-Afrika. Dessutan har sør-afrikanske roadies hospitert ved Quartfestivalen. Denne festivalen har også knytt kontakt med liknande festivalar i Sør-Afrika. Mmino har også bidrege til Field Band Foundation – ein nystarta korpsorganisasjon i Sør-Afrika for barn og unge.

ZuluNavia

ZuluNavia er eit samarbeidsprosjekt som involverer nordiske og sør-afrikanske utøvarar innan hiphop-sjangeren. Ei sentral drivkraft er å styrkje hiphop-kulturen i Sør-Afrika, som spreier informasjon om hiv/aids og rasisme gjennom musikken. I Noreg blei det halde ein felles konsert under Verden i Norden-festivalen, samt skolekonsertar, workshops og studioarbeid for CD-innspeling. I Cape Town var det konsertar og aktivitetar på skolar, og møtestader for unge blei skapt.

Det globale klasserommet

Prosjektet ønskjer å etablere og utvikle eit internasjonalt læringsnettverk for pedagogiske utviklingsprosjekt i forhold til skole og kultur. Initiativet har kome frå Kulturskolen i Fredrikstad som i mange år har dreve pedagogisk musikk samarbeid med ulike miljø i Zimbabwe.

Det er etablert kontaktar til pedagogiske musikkmiljø i Sverige og Danmark og til musikk- og utdanningsinstitusjonar i Mosambik og Sør-Afrika. Rikskonsertane tek del som rådgivar for prosjektet og tok del på den første konferansen mellom partane i Harare, mars 2001.

Talent 2001

Talent er eit samarbeidsprosjekt mellom Førde Internasjonale Folkemusikkfestival, Rikskonsertane og Utanriksdepartementet der formålet er å la unge norske og utanlandske talent innan folkemusikk møtes. Prosjektet bestod i år av ni utøvarar frå tre land; Etiopia, Jugoslavia og Noreg. Musikarane deltok på fem ulike konsertar under festivalen.

World Visits

Rikskonsertane har invitert musikarar utanfrå som kan lyfte nivået og gi inspirasjon til musikarar frå andre kulturar som er busette i Noreg. Ali Farka Toure frå Mali var årets ressursperson i eit prosjekt med både workshop og konsert med vest-afrikanske musikarar busette i Noreg. Indiske Hariprasad Chaurasia arbeidde saman med asiatiske musikarar i Noreg.

Upbeat - musikk samarbeid med Baltikum og Sverige

Unge ensemble med kammermusikarar turnerte i 2001 i dei fem involverte landa. Cecilie Løken (fløyte) og Sidsel Walstad (harpe) representerte Noreg på ein ti dagars turné, med eit program som spente frå norsk folkemusikk til japansk samtidsmusikk.

World Visits:

Ali Farka Toure



Foto: Ola Sæther





Foto: Ola Sæther



Internasjonal nettverksbygging

Nordisk Musikkomiteé (NOMUS)

Noreg, ved Rikskonsertane, er sekretariat for dei norske delegatane i NOMUS, og driv informasjonsarbeid andsynes norsk publikum og musikarmiljø. NOMUS gir økonomisk støtte til fellesnordiske prosjekt innanfor alle musikksjangrar, og er dessutan høringsinstans for Nordisk Kulturfond og priskomiteé for Nordisk råd sin musikkpris.

European Music Council (IMC)

Rikskonsertane representerer Noreg i International Music Council (IMC) og organisasjonen si europeiske avdeling, European Music Council (EMC). Ansvaret blir ivareteke ved at Rikskonsertanes direktør leier den norske IMC-komiteen der norske musikkorganisasjonar med internasjonal tilknytning er medlemmer, og ved at Rikskonsertane fungerer som sekretær for komiteen.

I tillegg er Rikskonsertane tilslutta ei rekkje internasjonale organisasjonar og nettverk:

- ✦ International Society for the Performing Arts (ISPA)
- ✦ European Forum of World Wide Music Festivals (EFWMF)
- ✦ International Society For Music Education (ISME)
- ✦ Europeisk nettverk for tradisjonsmusikk
- ✦ Europe Jazz Network
- ✦ Nordisk nettverk for skole konserter (NNS)
- ✦ SkanBeat

«...utvikle lokale arrangørledd og styrkje samarbeidet mellom arrangørnettverk»

Arrangørsamarbeid

World

Rikskonsertane har i 2001 utvida tilbodet innan verdsmusikk til å omfatte fleire stader, og har inngått faste avtalar med 10 utvalde arrangørar om å motta fire konsertproduksjonar i året ut 2003. Første sesong blei gjennomført hausten 2001, og det er no klart at denne abonnementsordninga er ein stor suksess. I tillegg til dei 10 står 16 arrangørar på venteliste for å vere med i ordninga.

I Levande Live

Rikskonsertane samarbeidde for femte år på rad med Norsk KulturhusNettverk om konsertserien I Levande Live, som omfattar 3 konsertproduksjonar til 25 kulturhus i heile landet. Rikskonsertane sitt bidrag i turnepakka var Sidsel Endresens *Undertow*.

Regionturnear

Hausten 2001 starta Rikskonsertane eit forsøksprosjekt med regionturnear, det vil seie offentlege konsertar som blei arrangerte med musikarar på skolekonsertturné. Det blei lagd særleg vekt på å involvere lokale arrangørar og musikkmiljø, blant anna i samproduksjonsarbeid. På fleire av konsertstadene, blant anna i Finnmark, som var eitt av prøvetrykka, blei det arrangert lokale workshops med stor oppslutning.

Arrangørkonferanse

Rikskonsertane arrangerte ein nasjonal arrangørkonferanse våren 2001 med formål å styrkje samarbeidet ved blant anna å betre dialogen om programarbeid og marknadsføringstiltak.



Foto: Tor Richardsen, Scanpix





Einar Solbu

Vegen vidare

«Den kulturelle skolesekken» var regjeringa si nyskaping på kulturområdet i 2001. Skolekonsertane er inga nyskaping. I meir enn 30 år har Rikskonsertane hatt ansvar for skolekonsertar i alle landet sine regionar. Skolekonsertane - eit sentralt element i einkvar kulturell skolesekk - gjekk inn i ein ny fase i 2001. Etter fleire års debatt om oppgåvefordelinga mellom Rikskonsertane og fylkeskommunane, blei nytt avtaleverk sett ut i livet frå 1. juli 2001. Fylkeskommunane har no ei langt meir sjølvstendig stilling i ordninga. Rikskonsertane si rolle som godkjenninginstans for fylkesproduksjonar er erstatta av sunn konkurranse mellom fylkeskommunane og Rikskonsertane om å skape dei beste produksjonane. Det kollegiale forholdet mellom konsertprodusentar i heile landet er styrkt.

1	1	2	3	4	5	6	7	8
2	1	2	3	4	5	6	7	8
3	1	2	3	4	5	6	7	8

Men utfordringane ligg der like fullt. Lista over kommunar som ventar på å komme inn i skolekonsertordninga, har auka i løpet av året - om lag 50 kommunar står på ventelista ved utgangen av året. Lista seier i seg sjølv noko om korleis kommunane i landet vurderer *verdien av at barn blir involverte i kunstnarlege prosessar. Forsking viser at sosial og kulturell forståing påverkar prestasjonane til elevane i skolen. Med slike effektar er det grunn til å håpe at styresmaktene vil hjelpe til å korte ned ventelista.*

«...verdien av at barn blir involverte i kunstnarlege prosessar. Forsking viser at sosial og kulturell forståing påverkar prestasjonane til elevane i skolen.»

Vi ser med glede på dei tilbakemeldingane vi har fått frå arrangørmiljø på forslaget om meir heilskapleg programpolitikk. Vi blir inspirerte av den store oppslutninga om Worldprogrammet, som er eit eksempel på eit heilskapleg programkonsept, og vi blir oppmuntra av ei stadig større interesse for å samarbeide om Intro-programma for unge talent. Vi er også glade for å ha komme i gong med Regionturnear, offentlege konsertar knytte til skolekonsertturnear. Og vi er stolte over at vi - saman med dei andre riksinstitusjonane og Norsk KulturhusNettverk - er i god gjenge med å utvikle eit verktøy for samarbeid mellom oss som tilbydarar og arrangørar som mottakarar av konsertar.

Den optimistiske starten i 2001 har sett dagsorden for 2002. Da skal det etablerast nye, heilskaplege programkonsept. Da skal grunnlaget for samarbeidet mellom Rikskonsertane og arrangørane styrkjast. Når vi lyttar til publikum og arrangørar rundt om i landet, hører vi mange ønske og behov. Vi kan oppfylle langt frå alle. Men vi satsar sterkt på at dei ønska og behova vi vel å oppfylle, skal vi oppfylle godt. Gjennom samarbeid med dei som sjølv vil satse på å gjere visjonar til praksis!

Einar Solbu
direktør

Stort behov for nye lokale

Det er no omtrent ti år sidan Rikskonsertane sine eigarar innsåg at lokala i kontainerhamna i Oslo verken er formålstenlege eller inspirerande for ein konsertproduserande institusjon. I mange år var det ein langsiktig leigeavtale med Mohngården A/S som var hindringa for å få noko nytt. Så kom planen om å samlokalisere dei tre R-ane. Det blei lagd ned mye arbeid og omtanke i å utvikle han. Men da planane var ferdig utvikla, blei dei skrinlagde. I budsjettproposisjonen for 2000 gjer Kulturdepartementet det klart at Rikskonsertane skal få nye, føremålstenlege lokale. I april gav Kulturdepartementet eit konkret oppdrag til Statsbygg. Ved utgangen av 2001 konstaterer eg at det ikkje er teke nokre skritt som fører fram mot ei løysing!

Bengt Martin Olsen
styreleiar

1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	1
1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	2
1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	3



Bengt Martin Olsen

Styret i Rikskonsertane

Valt 2001-2004

Bengt Martin Olsen
Erik M. Bugge
Kirsten Bråten Berg
Alexandra Archetti Stølen
Anne Moberg
Helle Stensbak
Lars Mossefinn
Jon Egil Brekke

leiar
nestleiar
styremedlem
styremedlem
representant for dei tilsette
1. vararepresentant
2. vararepresentant
vararepresentant for dei tilsette

Leiinga i Rikskonsertane 2001

Einar Solbu
Helge Skansen
Kerstin Biering
Astrid Holen
Øivind Amundsen

direktør
konsertsjef
personal- og administrasjonssjef
informasjonssjef (permisjon)
økonomisjef

Årsrekneskap 2001

Rikskonsertanes rekneskap for 2001 ordna på koststader går fram av følgjande tabell:

Kap 0323, post 01 og kap 3323		Rekneskap	
Koststad		Utgifter	Inntekter
1100	Offentlege konsertar	11 594 650	-4 397 365
1200	Konsertar for skolebarn	44 908 152	-7 214 596
1300	Konsertar for barn i førskolealder	2 865 878	-1 245 943
1400	Norsk musikk i utlandet	603 069	-601 886
1500	Utviklingsarbeid	1 654 563	-659 228
1	Konsertverksemda	61 626 312	-14 119 018
2100	Organisasjon	441 834	
2200	Økonomi	3 244 392	-291 425
2300	Personalforvaltning	15 902 128	-1 047 551
2400	Avtalar	3 526 385	
2600	Marknadsføring	1 995 959	-13 700
2800	Produksjonsteknikk	891 060	
2900	IT Drift	1 246 755	
3000	IT Utvikling	329 671	
3100	Kontoradministrasjon	5 243 308	-22 000
2	Støttefunksjonar	32 821 492	-1 374 676
	Arbeidsgjevaravgift	3 252 996	
	Totalt	97 700 800	-15 493 694

Sjangerfordeling offentlege konsertar

Sjanger	Antall produksjonar	Antall konsertar	Antall publikum	Publikum/konsert
Kunstmusikk	13	66	4.921	75
Kunstmusikk (samtid)	5	55	3.722	68
Jazz	6	53	10.104	191
Pop-rock	6	29	7.436	256
Viser				0
Tradisjonsmusikk (no)	9	49	3.965	81
World Music	25	75	12.081	161
Anna	2	2	434	217
Totalt	66	329	42.663	130

Skole- og barnehagekonsertar - fordelte på sjangrar

Sjanger skole- og barnehagekonsertar	Antall produksjonar	Antall konsertar
Kunstmusikk	42	1131
Kunstmusikk (samtid)	42	1155
Jazz	28	719
Pop-rock	20	553
Viser	24	703
Tradisjonsmusikk (no)	34	949
World Music	32	829
Anna	48	1352
Totalt	270	7391

I snitt avviklast 40 skole- og barnehagekonsertar i Rikskonsertane sin regi kvar dag.

Tinga verk og framføringar fordelte på offentlege konsertar, skole- og barnehagekonsertar

Tinga verk		Norske komponistar	Utanlandske komponistar	Totalt
Offentlege konsertar	Antall verk	2	0	2
	Antall framføringar	12	0	12
Skole-konsertar	Antall verk	5	0	5
	Antall framføringar	184	0	184
Barnehage-konsertar	Antall verk	2	0	2
	Antall framføringar	2	0	2
Totalt	Antall verk	9	0	9
	Antall framføringar	198	0	198



Ansatte i Rikskonsertane i 2001

Øivind Amundsen

Biørn Barlo

Thor Bendiksen

Kerstin Biering

Per Øivind Bjørseth

Jon Egil Brekke

Kari Diesen

Kristian Diesen

Henning Engebretsen

Ingrid Espedalen

Helge Fløtten

Hallgeir Frydenlund

Tom Gravlie

Helge Gaarder

Erlend Hagen

Jeanette Handberg

Erling Haraldset

Astrid Holen

Hanne Houen

Maud Elisabeth Hurum

Nina Hurum

Sølve Huse

Christine Høgeid

Unny Strand Johnsen

Guro Kleveland

Toril Kohl

Liv Krabberød

Lars Lauritzen

Anne Moberg

Malgorzata K. Moskal

Anh Nguyen

Kim Nguyen

Arnfinn Refsdal

Elin Owrenn Rekdal

May Grethe Rosenberg

Egil Rundberget

Helge Skansen

Solveig Skarra

Vidar Skeie

Håkon Skoge

Einar Solbu

Kjell Thoreby

Anders Tollefsen

Trond Alexander Tune

Tone Vandvik

Wenche Riis Wefald

Stian Wærenskjold

Yngvar Øian

Ida Øverhagen

Marit Aas



Rikskonsertane skapar

eit lyttande samfunn.

Redaktør: Veslemøy Rysstad
Foto forside: Ola Sæther
Design: Making Waves/AM/AKT
Trykk: Print House AS

Rikskonsertene
(Norwegian Concert Institute)
Boks 2835 Solli
NO-0204 Oslo
Norway

Tlf.: +47 2201 5500
Faks: +47 2283 1610
e-mail: post@rikskonsertene.no
Internett: www.rikskonsertene.no
Besøksadresse: Filipstadveien 5